



Sak nr 22/2011

Møtedato: 27.4.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S850

S850, Kinnhølt – søknad om uthus

Ola og Astrid Nordli søker om å få setja opp eit nytt uthus på stølen på Kinnhølt. Teikningar og kartskisje er lagt ved søknaden.

Det nye bygget er på 18,4 m². I tillegg til vanlege uthusfunksjonar blir det søkt om å få ha eit lite soverom og eit bad/vaskerom. På stølen er det frå før eit sel på 34 m² (alle mål er BYA, bebygd areal). Dette selet er restaurert tilbake til opphavleg utsjånad med m.a. støtte frå kulturvernstyresmaktene. Det er derfor ikkje aktuelt å bygge på selet.

Søkjaren opplyser at stølen blir brukt til beite. Landbrukskontoret opplyser at Nordli driv mjølkeproduksjon og foringsdyr. Stølen er i bruk til beite og er i bruk etter fjellova. Støl som er i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrifta: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Statskog gir følgjande uttale i brev datert 11.4.11:

Vi ser helt klart at det vil være behov for et uthus på stedet, da det ikke eksisterer noe slikt bygg i dag. Dyr på beite krever ikke daglig tilsyn, og er i seg selv ikke noe argument for flere sengeplasser. Men under forutsetning av at selet ikke er større enn 34 m², ser vi at det kan være behov for et par overnattingsplasser. Slik sett er omsøkt bygningskombinasjon på 18,4 m² et greit alternativ.

På bakgrunn av dette tilrår vi fjellstyre i Vestre Slidre å gi tillatelse til å bygge et uthus inkludert to sengeplasser, som omsøkt. Vi vil allikevel påpeke at det skal ikke være ildsted i bygget.

Oppland fylkeskommune gir følgjande uttale i brev datert 8.4.11:

Vurdering

Seterhus er ofte enkle bygningar. Ved endringar på bygningsmiljø i slike områder er det derfor viktig å ta omsyn til og vidareføre tradisjonane. Når det er behov for meir areal er det også viktig at tradisjonen i området følgjes. Ved oppføring av nye bygningar bør dei derfor underordne seg det eksisterande stølsmiljøet.

Det er lagt ved teikningar av det nye uthuset, kartskisje som viser plassering og foto av det eksisterande selet. Den nye bygningen har ei enkel utforming, slik det er tradisjon for i stølsområda, og vil etter vår vurdering harmonere godt med uttrykket i det gamle selet. Vi ynskjer likevel å gjere merksam på at det også er viktig at material- og fargebruk blir i samsvar med tradisjonen. Oppføring av eit nytt uthus på stølen vil etter vår vurdering ikkje ha negativ påverking på det eksisterande stølsmiljøet.

Konklusjon

Oppland fylkeskommune vil ikkje motsette seg at det blir gitt løyve til oppføring av eit nytt uthus på Bjørkheimstølen som vist på teikningane som er lagt ved søknaden.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Ut frå dei funksjonar som er godkjent for huset, vil ikkje fjellstyret motsetja seg om søkjaren seinare ynskjer å føre opp eldstad i huset.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 28.4.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ola og Astrid Nordli
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune
Statskog